

Til
Styreleiar for Høgskulen på Vestlandet
Rektor ved Høgskulen på Vestlandet
Kunnskapsdepartementet

Styresamansetting ved Høgskulen på Vestlandet

Vi har merka oss diskusjonen om samansetting av nytt styre ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), og er uroa for ein svakare regional representasjon i det nye styret.

Den regionale dimensjonen har vore viktig for HVL. Det har vore ei målsetting å bygge på den styrken høgskulane hadde kvar for seg, ved å vere tett på næringsliv og offentleg sektor på store delar av Vestlandet.

Styret er no inne i siste del av funksjonsperioden. Dei er samansette slik fusjonsplattforma la opp til, men det kan sjå ut som at denne modellen ikkje vert vidareført.

Vi er difor uroa for svekka regional representasjon i det nye styret. Vi har merka oss at styret seier dei er opptatt av at den regionale dimensjonen i valet av tilsettere representantar til styret, men fall ned på eit krav om at minst to nærregionar skal vere representert frå dei fagleg tilsette.

Det er viktig at ein held seg til fusjonsplattforma. Saman med den nye strategien står den sterkt som grunnlag for å utvikle Høgskulen på Vestlandet.

Vi oppmodar i tillegg departementet om å ta omsyn til den regionale dimensjonen, når dei fire eksterne styrerepresentantane skal oppnemnast.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Styret i Høgskulen på Vestlandet
Berit Rokne/ rektor HVL
Kunnskapsdepartementet Postboks 8119 DEP 0032 OSLO